



--

Arkiv saknr:	2018/1007
Løpenr.:	1174/2019
Arkivkode:	140

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Kommunestyret	31.01.2019	19/8

Sakshandsamar: Lotte Næss

PlanID 20060002 Kommunedelplan Rauland - mindre endring - auke i tal hyttetomter i SYBH1 - SYBH9

Vedlegg:

- 1 Kommunedelplan Rauland - mindre endring - vedtak i kommunestyret 28.06.18
- 2 Ikkje medhald i klage - Detaljregulering Neset - 134/1

Dokument i saka:

Kommunedelplan Rauland

Saksmappe 2016/2238

Saksmappe 2018/1007

Kst-sak 18/17 - 08.03.18

Plm-sak 18/78 – 30.05.18

Plm-sak 18/96 – 20.06.18

Kst-sak 18/61- 28.06.18

Telemark fylkeskommune, uttale 08. og 28.05.18

Bakgrunn:

Detaljregulering for Neset 143/1 blei vedteken i kommunestyret 08.03.18, sak 18/17. Vedtaket blei kunngjort 08.05.18. Det kom inn ei klage datert 28.03.18. Plan- og miljøutvalet avviste klaga på reguleringsvedtaket i møte 20.06.18, sak 18/96.

Plan- og miljøutvalet vedtok 30.05.18, sak 18/78, mellombels bygge- og deleforbod på den delen av eiegen Neset 134/1 som er omfatta av reguleringsplanen. Bygge- og deleforbodet varar til kommunedelplanen for Rauland er endra slik det var gjort framlegg om, men maksimalt fire år. Bakgrunnen for bygge- og deleforbodet var pkt. 3 i reguleringsvedtaket :

1. Framlegg til detaljregulering for Neset 143/1 vert vedteken i medhald av pbl § 12 – 12, med endringar som er nemnde i rådmannens vurdering.
2. Rådmannen førebur ei mindre endring av kommunedelplan Rauland slik at talet på hytteeiningar i SYBH 1 – 9 vert auka med 5 einingar, jfr pbl § 11 – 17.
3. Det er ein føresetnad at pkt. 2 er godkjent før pkt. 1 er gjeldande.
4.

Framlegg til endring av kommunedelplan Rauland blei lagt fram for plan- og miljøutvalet 30.05.18, som gjorde slikt vedtak, sjå vedlegg 1 :

Kommunedelplan Rauland vert endra i medhald av pbl § 11 – 17 , 2.punktum, slik at talet på hytteeiningar i SYBH1 – SYBH9 vert auka med 5 einingar. I tillegg blir føresegnene endra slik at det blir eit vilkår for å få frådele hyttetomt at det er tilfredsstillande tilkomst og at føresegnene blir endra slik at område rundt freda kulturminne blir teke omsyn til, jf. merknad frå Telemark fylkeskommune.

Saka gikk vidare til kommunestyret 28.06.18, som gjorde slikt vedtak:

Saka blir utsett til ankesaken i Neset-saka blir avgjort hjå fylkesmannen.

Klaga på reguleringsvedtaket blei sendt til fylkesmannen 16.07.18. Fylkesmannen tok stilling til klaga i brev 01.11 18. Klaga blei avvist, sjå vedlegg 2.

Vurdering:

Klaga på reguleringsvedtaket er no teken stilling til av fylkesmannen. Spørsmålet om endring av kommunedelplan Rauland vert då teken opp att.

Saka går direkte til kommunestyret.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Kommunedelplan Rauland vert endra i medhald av pbl § 11 – 17 , 2.punktum, slik at talet på hytteeiningar i SYBH1 – SYBH9 vert auka med 5 einingar. I tillegg blir føresegnene endra slik at (1) det blir eit vilkår for å få frådele hyttetomt at det er tilfredsstillande tilkomst og (2) område rundt freda kulturminne blir teke omsyn til, jf. merknad frå Telemark fylkeskommune.

Rådmannen, 23.01.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Kommunestyret 31.01.2019:

Framlegg frå Kjellfrid Neset:

Saka blir utsett til kommunedelplan Rauland blir rullert.

Framlegget frå Neset fall med 20 mot 5 røyster.

Framlegget frå rådmannen blei vedteke med 18 mot 7 røyster.

Kommunedelplan Rauland vert endra i medhald av pbl § 11 – 17 , 2.punktum, slik at talet på hytteiningar i SYBH1 – SYBH9 vert auka med 5 einingar. I tillegg blir føresegnene endra slik at (1) det blir eit vilkår for å få frådele hyttetomt at det er tilfredsstillande tilkomst og (2) område rundt freda kulturminne blir teke omsyn til, jf. merknad frå Telemark fylkeskommune.